



4 av dei 5 i styret: Johannes Feet, Anbjørn Høivik, Andreas Kristoffersen og Frode Stensletten. Femtemann er Tor Jarle Kjærland

**Grunn- og elveeigarlaget kan registrera positive resultat av dei strenge fiskereglane som vart innført i fjor. Leiar Johannes Feet går så langt som å karakterisera gyteresultata som overraskande positive og laget vil satsa på ei like streng line denne sesongen. Han vert innleia 15. juni også dette året. Nytt dette året er det at laget har leigd inn eit firma til å ta seg av praktiske opppgåver som kortsal og lignande.**

Dei strenge reglane som altså vert gjeldande også i år vil gå ut på til dømes dette.

- \* Fangst av 1 fisk i døgnet og 5 i sesongen
- \* Eit tak på 10 selde fiskekort i døgnet
- \* Forbod mot det som kallast catch and release
- \* Kor fisken er fanga vert skjult på nettet.
- \* For grunneigarane vert døgnbegrensning fjerna.

Det krev ein grundig kontroll å handheva reglane og det har laget hatt, opplysar fleire fiskarar til uskedalen.no Dei gjev også uttrykk for at dei respekterer den strenge lina fordi den er framtidsretta. Førebels har imidlertid vassdraget ikkje vore bærekraftig, seier leiinga.

Årsmøtet skal snart avviklast, men er førebelsi ikkje beramma fordi styret vil ha med 2 frå fylket til å orientera.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen